

Fond for straumstøtte

I Kven kan søkja

Frivillige og ideelle lag, foreiningar og organisasjonar med tilhald i kommunane/herada Kvam, Voss, Ulvik, Eidfjord og Ullensvang.

II Kva kan det søkjast om midlar til

Kompensasjon av høge straumkostnadar frå og med 01.01.2022.

III Søknadsfrist

Stiftinga tek i mot søknader kontinuerleg frå og med 01.05.2023.

IV Kva må søknaden innehalda

1. Organisasjonsnummer og organisasjonen sitt namn
2. Kontaktperson og kontaktinformasjon hos søkjar
3. Kort utgreiing av grunnlaget for søknaden
4. Søknadsbeløpet
5. Dokumentasjon på auke i straumkostnad
6. Oversikt over organisasjonen sin samla økonomi
7. Opplysingar om det er søkt straumstøtte hjå offentlege ordningar og/eller ordningar frå andre stiftingar, bankar eller kraftselskap. Om søknaden er avgjort ber ein opplyst resultatet.
8. Kontonummer som høyrer organisasjonen til

V Kvar skal søknaden sendast

På e-post til: post@hardangerstiftinga.no

VI Korleis vert søknaden vurdert

Ordninga tek sikte på å kompensera andel av ekstraordinære høge straumprisar, og legg til grunn at kraftpris over kr 1,- pr kWh inkl. mva er søknadsberettiga.

Vurdering av søknadane vil verta gjort med plan om å fordela midlane så godt som mogleg ut frå tal søknader, samla søknadssum, behovet for den enkelte søkjar, og tidsperspektivet fondet skal vara. Det kan difor ikkje påreknast fullt ut kompensasjon av søknadsbeløpet/grunnlaget.

VII Kor lang handsamingstid er det på søknaden

Handsamingstida kan variera ut frå tal søknader og storleiken på desse. Søknadane vil verta samla opp og handsama på næraste fastsette styremøte. Stiftinga tek høgde for at tida med ekstraordinært høge straumprisar kan verta langvarig, og vil derfor måtte handsama søknadane i dette perspektivet.

VIII Når vert tilskotet betalt ut

Betaling vert gjort straks etter søknaden er godkjent.